



Foreldre-app: «TietoEducation»

Til orientering

Føresette av barn i kommunale barnehagar, skal no gjere seg nytte av Foreldre-appen: TietoEducation. Foreldreappen er allereie teke i bruk i skulen, så nokre er nok allereie kjent med denne.

Appen gir dei føresette tilgang til sitt/sine barn, og er ein sikker stad å melde frávær og kommunisere med barnehagen med meldingar.

Av omsyn til personvernet, må ein logge på appen ved hjelp av eID (MinID, bankID eller tilsvarande). Dette vil dermed erstatte til dømes e-post og sms.

Begge føresette kan ha appen og vil få opp det som er registrert i høve frávær på sine barn. Informasjon om barnet og føresette er henta frå folkeregisteret. Ta kontakt med styrar om evt. problemstillingar i høve folkeregisterinformasjon. Sjekk at e-post og mobilnr. er rett. Dette sjekker du i «innstillingar».

I appen kan du sende meldingar om frávær med kommentar, for heil dag eller del av dag. Dersom frávær/fri frå barnehagen ikkje er meldt frå om før kl. **0900**, må ein ringe for å sikre seg at dette vert registrert. **Frávær for neste dag må meldast etter kl. 1700.**

Appen kan lastast ned via AppStore eller GooglePlay. For dei som ikkje ønskjer eller kan nytte ein app, vil det vere mogleg å logge på via ei nettside (same innlogg og funksjonar). Dersom ein har spørsmål om appen eller treng lenke finn ein meir om dette [her](#).

Føresette kan finne meir informasjon på heimesida til Volda kommune. Rutinar vil elles verte presiserte frå barnehagen si side.

Ein kan forvente seg små oppdateringar i appen som går på språk og nye funksjonalitetar. Informasjon som gjeld nye funksjonalitetar, får ein frå barnehagen når det skal takast i bruk.

Vi vonar dette både vil forenkla ein viktig del av dialogen mellom heim og barnehagen samstundes som det sikrar barna sine data.

Lukke til med meldeboka på app!